

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FA-U64	23/269

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/23	Formannskapet	PS	19.09.2023
048/23	Kommunestyret	PS	28.09.2023

Reiselivsplan 2023-2027
Revisjon av reiselivsplan 2018-2022

Vedlegg:
Reiselivsplan 2023-2027
Reiselivsplan for Fedje 2018-2022

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Fedje kommune sin reiselivsplan gjekk ut i 2022. Det har ikkje vært kapasitet eller ressursar til å revidere planen tidlegare. Fedje kommune har saman med Liv og Lyst, Fedje Landhandleri og turistkontor og Fedje næringsråd gått saman om å revidere og oppdatere reiselivsplanen frå 2018. Fokus i arbeidet har vært på handlingsplan og aktivitetar. Handlingsplanen frå førre plan er gått gjennom og evaluert. Det er laga forslag til ny handlingsplan som skal gjelde frå 2023 til 2027.

Reiselivsplanen frå 2018 er eit godt strategidokument som beskriv ambisjonar og moglegheiter for reiselivet på Fedje. Vi ynskjer å vidareføre desse strategiane, og difor vil reiselivsplanen frå 2018 være eit vedlegg til den nye planen (2023-2027).

Vurdering

Reiselivet på Fedje er ei aktiv og voksende næring. Både store og små reiselivsaktørar veks og utviklar seg. Dei utviklar og lagar nye reiselivsprodukt innan mat, opplevingar, kultur og naturbaserte aktivitetar. Reiseliv som næring er den raskast voksende næringa globalt. Med klimaendringar (og «klimateflyktningar») vil Skandinavia, Noreg, Vestlandet og Fedje være attraktive reisemål framover. Det ligg eit stort utviklingspotensial i dette, både når det gjelder inntening og nyetablering.

Fedje har dei siste åra fått ein ny, stor aktør knytt til reiseliv; Fedje Island (Søsterselskapet, Feddie AS). Det blir viktig framover for kommunen å legge til rette for at nye og gamle, store og små verksemdar lukkast i satsinga si. Det gjeld fyrst og fremst å legge til rette for areal som reiselivet kan utvikle seg på. Ei rullering av arealplanen vil være eit godt grep for å gi reiselivet nye moglegheiter.

Rullering av reiselivsplanen er eit anna viktig verkemiddel for å lukkast i satsing på reiseliv. Det er viktig å ha ein oppdatert plan mellom anna når vi skal søkje om midlar til ulike satsingar og tiltak. Til slutt vil eg fremje samarbeid på tvers av kommune, næringsliv (store og små aktørar) og frivillige organisasjonar som Liv og Lyst og Fedje næringsråd. Fedje kommune kan spele ei viktig rolle for å vidareutvikle ein god arena for samarbeid.

Kommunen kan og være ein døropnar til andre offentlege verksemdar, som til dømes Vestland fylkeskommune, og samarbeide med ulike organisasjonar som til dømes Industriutvikling Vest, UNESCO biosfæreområde, regionråd og andre kommunar. Til slutt vil det etter kommunedirektøren sitt syn være avgjerande for eit så lite samfunn som Fedje å kople reiselivsutvikling til lokalsamfunnsutvikling. Det som er bra for innbyggjarane sin livskvalitet og folkehelse vil og være gode opplevingar for dei tilreisande. I tillegg vil alle dei 520 innbyggjarane være vertskap for dei som vitjar øya vår. Å føle seg velkomen og å bli teke godt imot er heilt sentralt for å få ei god oppleving. Ein liten ting som at innbyggjarane på Fedje helse på alle dei treff; kjende og framande, gjer stort inntrykk på dei som kjem på besøk.

Den store utfordringa i den nye planen ligg i økonomi. Det ligg økonomiske konsekvensar knytt til realisering av ny plan for reiselivet. Kommunen har allereie vedteke å delta i eit spleiselag med næringsrådet og Fedje Island om finansiering av ein reiselivskordinator (vedteke den 15. juni 2023). Midlane som er satt av for 2023 er brukt opp og vi vil overskride budsjettet i år.

Fedje kommune har ingen tilsette som jobbar med reiseliv/næringsutvikling. Dette er ei oppgåve som pr. no er lagt til kommunedirektøren og ordførar. Vi er difor avhengig av eksterne viss kommunen skal satse på næringsutvikling framover, og reiselivet spesielt. Vi er ein liten kommune som er avhengig av innsatsen til lokale aktørar, både næringsliv og frivillige organisasjonar.

Det mest naturlege slik situasjonen er i dag, er å kjøpe tenester. Pr i dag fungerer Fedje Landhandleri og turistkontor som Fedje kommune sitt turistkontor. Når midlane som er satt av til reiselivskordinator er brukt opp i 2024, må prosjektet anten avsluttast eller finansierast på anna måte. Dette gjeld og vidareføring av Liv og Lyst, som ikkje har finansiering etter 1.1.24.

Det er satt av 70 000,- til reiseliv i 2023. Kommunedirektøren foreslår å auke denne potten til 150 000,-. Dette vil gi eit klart signal til lokalt næringsliv, regionale aktørar og frivillige krefter at Fedje kommune satsar på reiseliv og reiselivsaktørane på Fedje. Kommunestyret kan og vurdere om kommunen skal gå inn med midlar for å vidareføre Liv og Lyst.

Det er og viktig at kommunen følger opp rolla som tilretteleggjar, mellom anna innan arealforvaltning.

Folkehelse

Det som er bra for folkehelsa og livskvalitet er og bra for reiselivet. Ein «vinn vinn situasjon».

Miljø

Berekraftig reiseliv er ein føresetnad for å lukkast innan denne bransjen

Økonomi

Reiseliv vil være ei av dei viktigaste næringane Fedje kommune skal «leve av» i framtida

Konklusjon

Kommunedirektøren har prioritert å få rullert reiselivsplanen for å kunne vidareutvikle næringslivet på Fedje. For å lukkast i realiseringa treng vi midlar, og kommunedirektøren foreslår å auke potten til reiseliv til 150 000,- i budsjettet for 2024. Kommunedirektøren ber om at kommunestyret vurderer å løyve nokre av midlane til Liv og Lyst. Dette vil sikre vidareføring etter prosjektperioden er over. Det har vært ein viktig målsetting med Liv og Lyst programmet – at ordninga skal leve vidare og bli ei permanent samskaping mellom det offentlege og dei frivillige. I tillegg må det jobbast for å skaffe eksterne midlar.



Fedje kommune

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek Reiselivsplan for Fedje kommune 2023-2027 slik den ligg føre. Kommunestyret legg inn 150 000,- i budsjett for 2024 til reiselivssatsing og til lokalsamfunnsutvikling (Liv og Lyst). Midlane skal mellom anna brukast til å realisere ny reiselivsplan

Formannskapet - 052/23

F - behandling:

Forslag frå Kamilla B Karlsen (Ap) kommunedirektøren legg inn eventuelle midlar knytt til reiselivsplanen i budsjett for 2024.

F - vedtak:

Kommunestyret vedtek Reiselivsplan for Fedje kommune 2023-2027 slik den ligg føre. Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 048/23

K - behandling:

K - vedtak:

Kommunestyret vedtek Reiselivsplan for Fedje kommune 2023-2027 slik den ligg føre. Samrøystes vedteke.